



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 16/36088-5 14/4973 - 18/32675 28.11.2018

Uttale til dispensasjon frå byggjegrænse langs veg – gnr. 215 bnr. 19 – Eidsnesvegen 91 – Eikangervåg – Lindås kommune

Vi viser til brev mottatt 02.november 2018 om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for eigedom gnr. 215 bnr. 19 i Lindås kommune,

Søknaden gjeld endring av tilbygg/inngangsparti, nytt tilbygg på nordvestsida av bustaden, fasadeendring og endring i takvinkel. Tiltaka har vore omsøkt tidlegare, men har vorte noko endra, og det er difor trong for ny handsaming og nye løyve.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område avsett til LNF-formål i kommuneplanens arealdel. Byggjegrænse mot veg er 15 meter, jf. føresegn 1.6 i kommuneplanen. Tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplanen både når det gjeld arealføremål og byggjegrænse mot fylkesvegen. Det er kommunen som handsamer søknaden, etter uttale frå Statens vegvesen.

Tidlegare uttale i saka, datert 27.02.2015

Vi har tidlegare gitt uttale til dispensasjon frå byggjegrænse for eigedomen, i brev datert 27.02.2015. Etter ein konkret vurdering av eigedomen og fylkesvegen rådde vi til at ein kunne gi dispensasjon som omsøkt, med ein minste avstand frå fylkesvegen på 10 meter.

Ny søknad, oktober 2018

Tiltaket har gjennom byggjeprosessen vorte endra, og inngangspartiet er bygd 9,5 meter frå vegmidte. Før ombygging var minste avstand 8,5 meter frå vegmidte. Det er også gjort andre endringar på andre deler av bygningen. Kommunen har vurdert at endringane krevjar ny handsaming av dispensasjon frå LNF-formål og byggjegrænse frå veg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 3000
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vår vurdering

Statens vegvesen har vurdert søknaden ut frå at det gjeld ein eksisterande bustad. Bustaden ligg nærare vegen enn det ein ville gitt løyve til etter dagens normalkrav, men tilhøva til vegen vert noko betre enn før ombygging. På den bakgrunn kan vi rå til at kommunen gir løyve til dispensasjon frå byggjegrensa til veg.

Vi har ingen merknad til kommunens vurdering av dispensasjon frå LNF-formålet.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.